

Til føresette

Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg rett til fri skuleskyss, informasjon til skulane og foreldra

Oppfølging av vedteken Kommunedelplan – Trafikksikring 2017 - 2020

Lindås kommunestyre vedtok i vår Kommunedelplan – Trafikksikring 2017 - 2020 (TS-plan).

Som del av denne planen er det gjort ei vurdering av aktuelle skuleveggar mindre enn 4km frå kvar skule. Til grunn ligg lovverket, tilrådingar frå Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk og kommunale målsetjingar.

Resultata frå anaysen var basert på fleire kriteria, mellom anna om det er fortau på strekninga, fartsgrensa, trafikkmengda (ÅDT), vegbreidd (over eller under 4 meter), sikt, veglys.

Planen klassifiserer vegane i tre kategoriar:

Kategori 1 vegar som er vurdert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for elevar i grunnskulealder

Kategori 2 vegar som er vurdert som trafikkfarleg, men ikkje slik at det vil gi rett til fri skuleskyss på objektivt grunnlag. Foreldre kan søkje om fri skyss, med grunngiving i barnet sine føresetnader (alder/modning/fungering/...)

Kategori 3 vegar som er vurdert som mindre trafikkfarlege, og som til vanleg ikkje vil gi rett til fri skuleskyss.

Alle elevar i grunnskulealder som har skuleveg langs Kategori 1, skal ha rett til fri skuleskyss ved søknad. Skuleskyss vert rekna til og frå skulen og gjeld ikkje born i SFO.

Kvart einskild barn si føresetnad for å meistre skulevegen er ikkje teke omsyn til i denne oversikta. Det er heller ikkje sett på særskilde vinterforhold. Det vil difor som før være høve til å søkje skyss på særskilt grunnlag og vinterskyss i kategori 2 og 3.

Oversikt over Kategori 1-vegar for vår skule er lagt ved.

Dersom de meiner at dykkar barn etter dette kan ha rett til fri skuleskyss, kan de sende søknad til Lindås kommune. Søknaden kan og leverast til skulen.

Kommunedelplan Trafikksikring 2017-2020 finn de på heimesida til Lindås kommune:

<https://www.lindas.kommune.no/getfile.php/3867936.2235.iuijtuqwzjzn7k/Kommunedelplan+for+trafikksikring+2017+-+2020.pdf>

Med helsing

rektor